

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 27.11.2019

I samband med sak i fylkesutvalet den 03.12.2019, PS 9/19 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023, vedtok rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Vestland samråystes å setje saka Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 på sakskartet, for å kome med ei uttale til saka.

Inge Fiskvik, FFO, sette fram slikt forslag til uttale:

Uttale til budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023:

«Generelt til budsjett 2020:

Rådet erfarer at me ikkje er tatt med i budsjettbehandling for Vestland 2020 i god nok tid, og har ikkje fått høve til å arbeide nok med budsjettet. Vi ber om at Fylkestinget i si endelege behandling er særskilt merksam på dei gruppene som rådet skal ivareta interessene til.»

Trude Brosvik, Krf, sette fram slikt forslag til uttale:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sluttar seg til merknaden om TT-ordninga som ligg i Finansutvalet si tilråding til Finansutvalet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil be om at rådet blir teken med i utarbeidingsa av ny forskrift for TT-reiser i Vestland fylkeskommune.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ba om at uttalen vart send til dei fire hovudutvala og fylkesutvalet i Vestland.

Avrøyting

Fiskvik sitt forslag vart samråystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

A) Uttale til budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023:

«Generelt til budsjett 2020:

Rådet erfarer at me ikkje er tatt med i budsjettbehandling for Vestland 2020 i god nok tid, og har ikkje fått høve til å arbeide nok med budsjettet. Vi ber om at Fylkestinget i si endelege behandling er særskilt merksam på dei gruppene som rådet skal ivareta interessene til.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sluttar seg til merknaden om TT-ordninga som ligg i Finansutvalet si tilråding til Finansutvalet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil be om at rådet blir teken med i utarbeidingsa av ny forskrift for TT-reiser i Vestland fylkeskommune.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sluttar seg til merknaden om TT-ordninga som ligg i Finansutvalet si tilråding til Finansutvalet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil be om at rådet blir teken med i utarbeidingsa av ny forskrift for TT-reiser i Vestland fylkeskommune.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ba om at uttalen vart send til dei fire hovudutvala og fylkesutvalet i Vestland.